

Tilbakemelding på prognoseinntaket 2017 - 2018

Kvinnherad vidaregåande skule (Kvv)

Elevgrunnlaget for KVV har stor samanheng med tal avgangselevar frå ungdomskulane i Kvinnherad. Årets Kvinnherad-kull er på 179 elevar. Elevar frå vestsida av Hardangerfjorden vel i liten grad Kvv pga. lang reisetid til og frå skulen. For denne elevgruppe er Fusa og Norheimsund meir naturlege val. Vi nyttar GSI-tala frå skulane på austsida av Hardangerfjorden som grunnlagstal for potensielle elevar ved Kvv. Skuleåret 2017 – 2018 viser desse 158 moglege elevar. Dette er ein nedgang på 24 elevar samanlikna med skuleåret 2016 – 2017. (Frå 2017-2018 til 2018-2019 vil det vera ein auke att, på 12 elevar) Som skulen har vi vore kjende med denne nedgangen ei stund. Vi har blant anna planlagt bruk av fondsmidlar for å halde oppe vg1-tilbod med låg bærevevne neste skuleår

Yrkesfag

Vg1 Bygg og anleggsteknikk og vg2 Byggteknikk

Prognosen viser eit greitt elevgrunnlag for både vg1 Bygg og anleggsteknikk og vg2 Byggteknikk. Rektor tilrår ein klasse på kvart nivå.

Elektrofag

Vg1 Elektrofag og Vg2 Elenergi: Søkjargrunnlaget vert vurdert som godt for begge klassane. Rektor tilrår ein klasse på kvart nivå.

Helse- og oppvekstfag

Vg1: 30 søkjarar, der 27 er primærsøkjarar er eit godt grunnlag for to klassar. Rektor tilrår to klassar på vg1-nivå.

Vg2 Barne- og ungdomsarbeidar og vg2 Helsearbeidarfag: Søkjargrunnlaget er tilfredstillande både til vg2 Barne- og ungdomsarbeidar og vg2 Helsearbeidarfag. Rektor tilrår vi ein klasse med 15 elevar på kvart av programområda.

Service og samferdsle

Vg1 Service og samferdsle: Elevgrunnlaget, slik det kjem fram i prognosen, viser 10 elevar. I utgangspunktet er dette tilstrekkeleg for å oppretthalde tilbodet. Tilbakemelding frå inntaksleiar er likevel tydeleg på at grunnlaget i prognosen er sær usikkert ut frå kva som vil verta reelt elevtal ved skulestart. Ut frå økonomiske omsyn vil minste forsvarlege elevtal for vg1-tilbodet, vera på rundt 7 til 8 elevar. Det er likevel viktig at ein ser samla elevtal innan programområdet på vg1 og vg2 i samanheng for å få ei korrekt vurdering av den økonomiske bereevna. Eit reelt elevtal på rundt 17 elevar samla for vg1 og vg2 ville være økonomisk forsvarleg for skulen.

Vg2 Sal, service og sikkerheit

Eit grunnlag på 12 elevar med ungdomsrett er eit godt utgangspunkt sjølv om det vidare i inntaket viser seg at dette elevgrunnlaget vert svekka. Samla ellevegrunnlag bør helst ikkje vera under 8 elevar etter tredje inntaksrunde (sjå kommentar vg1 Service og samferdsle)

Teknikk og industriell produksjon

Vg1 Teknikk og industriell produksjon: 22 søkjarar med ungdomsrett til 30 er plassar viser tendensar til nedgang i interessa for utdaningsprogrammet. Tilbodet har tidlegare år hatt vesentleg høgare søkjartal. Ut frå rektor si vurdering er det grunnlag til å tru at interessa vil ta seg opp att i åra framover. I regionen er det tendensar til auka etterspurnad i arbeidsmarknaden for teknikk og industri. For oss som skule er det viktig både å prioritere og signalisere stabilitet innan utdanningsprogrammet. Rektor tilrår to klassar på vg1.

Vg2 Industriteknologi: 14 søkjarar til programområdet er eit godt grunnlag, om ein vurderer dei utfordringane tilstøytande bransjar har vore gjennom dei siste åra. Rektor tilrår ein klasse på vg2.

Studiespesialiserande

Vg1 Studiespesialiserande: Som for andre skular i Hordaland, opplever vi lågare interesse for studiespesialiserande dette året -spesielt om ein ser dette opp mot 2016-2017. Som skule er vi vant til variasjon i søkjartal for dette utdanningsprogrammet. Vi vurderer oss sjølve som godt rigga for å tilpasse ressursbruken til desse variasjonane. Elevgrunnlaget er tilstrekkeleg, rektor tilrår to klassar på vg1.

Vg2 studiespesialiserande: Prognosen viser 35 søkjarar til realfaga og 28 til språk samfunnsfag og økonomi, samla 63 søkjarar. Som skule evnar vi i stor grad å imøtekomme elevane sine ønskjer, jf. variasjonar i søkjarar til dei ulike programområda innan st. Intern kapasitet set likevel avgrensing på tal elevar vi har plass til i dei ulike klassane og undervisningsgruppene. Tal elevar som vert teke inn samla til dei to programområda må såleis avgrensast til 62 elevar fordelt på to klassar på vg2. Rektor tilrår to klassar på trinnet.

Vg3 studiespesialiserande: Samla søkjartal er som forventa og innanfor skulen sin kapasitet. Rektor tilrår to klassar på trinnet.

Vg3 påbygg: 58 søkjarar der 44 er primærsøkjarar, tilseier at vi som skule har tilstrekkeleg tal elevar til å oppretthalde to klassar. Rektor tilrår eit tilbod med 2 klassar skuleåret 2017 - 2018. Dersom det i det vidare inntaket framkjem tendensar til at reelt elevtal vil bli under 44 elevar, ber rektor om at saka vert drøfta.



Førebuaende minoritetsspråklege elevar

Prognosen viser 9 søkjarar. Reelt søkjartal til innføringsklassen er usikkert. Ut frå samtalar med avgangsskulane i kommunen veit vi per i dag at det er 5 søkjarar som kan reknast som sikre. Etter initiativ frå rådgjevarane ved Kvv, Husnes ungdomskule og vaksenopplæring vart det i vinter søkt IMDi om støtte til å opprette ein kombinasjonsklasse. IMDi har støtta søknaden med 400 000 kr til oppretting. Kombinasjonsklassen har som mål at elevar knytt til 10 trinn (8 elevar) ved Husnes ungdomskule og dei 5 elevane som ungdomsskulane i kommunen har signalisert er søkjarar til eit førebuaende kurs neste år, vert samla i ei gruppe ved Kvv. Det er skrive ein intensjonsavtale melom Kvinnherad kommune og Kvv. Kommune skal bidra med lærarkrefter tilsvarande det som er planlagt på 10 trinnet for denne gruppa. Kvv bidrar med eit læretimetal tilsvarande elevbidraget for 5 elevar med rett til inntak i «Førebuaende klasse for minoritetsspråklege elevar». Elevane skal ha opplæring i trå med læreplanane. IMDi si støtte skal sikre resterande timetal og ressurs til rettleiing og oppfølging av elevane. Vaksenopplæringa er òg knytt til kombinasjonsklassen ved at det kan vera elevar med rett til vidaregåandeopplæring som tar språkopplæring hos dei i dag. Det er uklart for oss som skule om desse er blant dei 4 andre søkjarane som i dag er registrert som søkjarar til klassen. Intensjonsavtalen er skriven med mål om å få til ein kombinasjonsklasse skuleåret 2017-2018. Samarbeidet har som intensjon om auka gjennomføringsevne for elevgruppa i vidaregåande skule. Seksjon skule må godkjenne ordninga før ei eventuell oppretting. Dersom dette vert godkjent vil eit elevgrunnlag på 5 elevar vera tilstrekkeleg for å opprette tilbodet. Dersom opprettinga av ein kombinasjonsklassen vert avslått, vil vi som skule vera avhengig av å ha 8 reelle søkjarar for å ha økonomigrunnlag til å opprette ein *førebuaende klasse for minoritetsspråklege elevar*.

Småklassar (Kvardagsliv / arbeidslivtrening / praksiskandidatar)

Struktur og fordeling av elevar vert avklart i eigne møter mellom opplæring og skulen.

Audun Bjelland

Rektor Kvinnherad vidaregåande skule